

## VISITASFOREDRAG **Etnedal**

19. - 24. september 2017

### **Innleiing**

Som biskop i Hamar bispedømme har eg gjennomført visitas i Etnedal fellesrådsområde. Siktemålet med ein bispevisitas er å støtte, inspirere og rettleie kyrkjelydar og tilsette, og sjå til korleis kyrkja sitt nærvær vert synleggjort på mange ulike vis her.

Kyrkja lever alltid på ein stad, forankra i det lokale livet. Difor er hovudfokuset i ein visitas å sjå til korleis kyrkje og folk møtast, korleis evangeliet virker og slår røter på kvar ein stad. Visitasprogrammet inneheld alt frå møte med friviljuge og tilsette, til møter med samarbeidspartnarar og ulik verksemd i lokalsamfunnet.

Kommunevåpnet til Etnedal er vakre Lunde bru.

Brua er i seg sjølve noko de er stolte av, både born og vaksne.

Samtidig ber brua også i seg ein symbolikk – det å byggje bru mellom menneske. Gjennom desse dagane har eg sett mange døme på at det å byggje bruer mellom menneske, skape fellesskap, rekkje ut ei hand, er eit kjennemerke ved samfunnet her, og korleis de tenkjer og gjer det og i kyrkjelivet.

Foredraget vil handle om det eg har fått møte og sett desse dagane, og kva eg tenkjer er område som de treng å vera særleg merksame på i åra som kjem. Foredraget er difor todelt. I første delen tek eg eit tilbakeblikk på programmet med fokus på kva vi har vore innom i dei mange møtepunkta undervegs. I andre delen vil de få nokre utfordringar å arbeide vidare med.

## **Programmet**

Programmet for visitasdagane har vore variert og godt. Eg vil takke stab og råd for god planlegging og tilrettelegging. Eg takkar og for alle rapportar eg har fått tilsendt som ein del av førebuinga til visitasen.

## **Tysdag 19. september**

Visitasen vart innleia med **morgonsong** i Bruflat kyrkje, med påminning om nåden som er ny kvar morgon.

Etter dette var det tid for **møte med staben** heime hos kyrkjevergja. Kyrkjestaben står i førstelina. De er ein stab av engasjerte og dyktige kyrkjelege medarbeidarar med høg kompetanse på mange fagområde. De har styrke i mangfald og god lagånd. De har ei sterk vilje til samhandling for å byggje bru og skape gode møte for menneska her. Kyrkja si tillit og omdøme byggjast og vedlikehaldast kvar einaste dag og i kvart menneskemøte. Difor er alle kyrkjelege tilsette viktige: anten arbeidet er på kyrkjegarden eller i kyrkjerommet, på kontoret eller i telefonen, med ord og tonar eller med grasklipparen.

Etter stabsmøtet reiste vi til **Etnedal skule** for møte med elevar og lærarar. I 3. klasse hadde borna førebudd spørsmål, laga flotte teikningar og vi fekk høyre fin song om at ingen skal bli mobba, men at alle skal bli tekne vare på. I møte med 8. og 9. klasse vart det tid til samtale om etikk, moral og filosofi, om menneskerettane og likestilling. Deretter var det møte med lærarane der vi tok opp samarbeidet mellom skule og kyrkje. Vi snakka og om religionsfaget, og kor viktig det er at det får vere eit fag der ein møtast på tvers, eit fag som alle elevar kan ta del i, uavhengig av tru og bakgrunn. Slik kan religionsfaget i skulen bidra til at det skapast forståing mellom menneske, og ikkje avstand.

Tysdag kveld var det møte med **fellesrådet** heime hos Marit prest. Vi gjekk gjennom prosessar som går føre seg i det nasjonale kyrkjebildet, og vi samtala om dei behova som knytter seg til fellesrådets verksemd. Særleg snakka vi om kyrkjer og gravplassar, kyrkjekontor og samspelet med kommunen.

Vi snakka og om den særskilde situasjonen fellesrådet har med tilskot frå Bruflat sokneråd. Det er med på å gje økonomisk handlingsrom. Samtidig må drifta til fellesrådet ikkje i for stor grad vere avhengig av dette tilskotet, men her som andre stadar ha sin viktigaste forankring i dei kommunale overføringane

## **Onsdag 20.september**

Det knytta seg spenning til veret og føret som skulle møte oss onsdag. Vi skulle til Lenningen, og det var meldt sludd og snø! Men temperaturen heldt seg på pluss-sida, så vi kom vel fram til seterhuset, og vart tekne godt i mot av dei som hadde vore der og fyrt sidan dagen før. Det var god varme og levande ljøs. Saman med Bruflat sokneråd vart dagen innleia med morgonbøn, før vi snakka nærare om soknerådets verksemd.

Etter møtet med soknerådet kom alle dei tilsette til Lenningen, og vi sette fokus på det viktige arbeidet med **trusopplæring**. Samspelet mellom tilsette, råd og friviljuge er avgjerande i trusopplæringa.

I det heile er oppslutninga god om dei ulike dåpsoppfølgjande tiltaka i Etnedal, men som andre stadar er tida etter konfirmasjonsalder ei utfordring når det gjeld tilbod som treff ungdommane. Her snakka vi om å kunne sjå nærare på samarbeid med andre sokn i Valdres, og om ikkje Valdres Folkehøgskule kunne vere ein god samarbeidspartnar knytta til leiarutvikling og tilbod om aktivitet for ungdom.

Neste post på programmet skulle vore bedriftsbesøk hos Oppland Bygg og Anlegg, men dette måtte diverre avlysast grunna sjukdom.

Det var interessant å få koma til garden **Øvre Fauske**. Der fekk vi høyre om sauehald og matproduksjon, nysatsing og samanhangen mellom husdyrhald, utmarksbeite og naturforvaltning.

Det var og tankevekkjande å høyre at i år er første året ein ikkje treng nedføring som tiltak etter atomkatastrofa i Tsjernobyl i 1986.

Om ettermiddagen reiste vi til **Bergsbakken grendehus** for å vere saman med Juniorgjengen. Det var flott å møte borna, syngje saman, og ikkje minst sjå verdien av trufaste vaksne i friviljug leiararbeid.

Så kom vi til **Nord-Etnedal kyrkje** der vi møtte **Nord Etnedal sokneråd** til heimelaga middag og deretter soknerådsmøte med fokus på det lokale kyrkjelege arbeidet. På kvelden feira vi hausttakkefest. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffe.

## **Torsdag 21.september**

Dagen starta med **morgonsong** i Bruflat kyrkje, før vi fortsette med **møte med lensmannen og kommuneleiinga**.

Møtet med kommunen er alltid viktig under ein vistas. Vi fekk ei interessant og fin framstilling om kommunen. Lensmannen var og tilstades og fortalte om korleis det fra hans ståstad er å vere innbyggjar i Etnedal. Kyrkje og kommune har felles sak på så mange område. Det gjeld innbyggjarane sin livskvalitet, borna sine levekår, førebygging og omsorgsarbeid. Kyrkja bidreg til lokalsamfunnet ved den kyrkjelege verksemda i all si breidde.

I **Eventyrskogen barnehage** møtte vi born og tilsette. Vi fekk sjå ein moderne og god barnehage, vel egna til å ta vare på borna i Etnedal

Om ettermiddagen gjekk turen til kaffe og andakt på **Etnedalsheimen**. Det er alltid med stor respekt eg møter alle dei som har vore med å byggje det gode samfunnet som vi ofte tek for gjeve.

**Etnedalshallen** er ein viktig møteplass. Her finst tilbod om trening og aktivitet for innbyggjarar i alle aldrar. Det var imponerande å høyre om både stor friviljug innsats og mykje dugnad, og ein hall som og spelar ei viktig rolle for den regionale idretten.

Fleire gongar i løpet av visitasen er vi vorte tekne imot til måltid på Blaaflat Spiseri. Det er viktig med åpne, lokale møteplassar, og kafeen er eit godt døme på dette. Her møtast menneske til fellesskap og velsmakande måltid.

Torsdagen vart avslutta med **fest for friviljuge** på menighetshuset. Det friviljuge arbeidet står sterkt i Etnedal, i idrett, kultur, kyrkje, lag og foreningar. I friviljug arbeid gjer vi ein innsats, men får og mykje tilbake av meining og fellesskap.

## Del II Visitasutfordringar

Det har vore tre visitasdagar med mange inntrykk. Eg vil no lyfte fram nokre punkt som eg ønskjer de skal vere merksame på i åra framover. Her trengs ikkje store endringar, men å føre arbeidet vidare i god retning.

Utfordringane er ordna etter dei fem hovedfokusområda i Hamar bispedøme sitt måldokument.

### 1. Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Den første utfordringa eg vil gje dykk gjeld begge sokneråda:

*1) Å sjå nærare på kvart sokn sitt lokale kyrkjeår, og om gudstenestetilbodet svarar til behova i befolkning og samfunnsliv*

#### Dette handlar om:

Gudstenestedeltakinga er i endring. Dette er ikkje noko nytt i kyrkjas historie. Ei av læresetningane frå reformasjonen er at kyrkja alltid må reformerast og endrast, i møte med nye tider. Det gjeld og gudstenestelivet. I dette arbeidet må ein sjå til at gudstenestelivet er tilstrekkeleg lokalt forankra, samstundes som det skjer ei god involvering av enkeltmenneske, lag og foreiningar.

Den neste utfordringa er:

*2) Å utarbeide ei lokal plan for kyrkjemusikk*

#### Dette handlar om:

Kyrkjemusikken er heilt sentral i kyrkja sin kvardag. Å utarbeide lokal plan for kyrkjemusikk handlar om å sjå på kva som skal prege verksemda her hos dykk. Sokneråda har eit overordna ansvar for å vedta retninga for kyrkjemusikalsk verksemd i nær dialog med kyrkjemusikar og andre tilsette. Planarbeidet kan gje systematikk og variasjon i samarbeidet med lokale musikk- og kulturkrefter, og stadfestar kyrkja som viktig i kulturarbeidet i lokalsamfunnet.

Så kjem ei utfordring til kvart enkelt sokneråd:

Eg vil be Nord-Etnedal sokneråd om

*3) Å vurdere å ha nokre temamesser gjennom året i samspel med lokale lag og foreiningar*

Dette handlar om:

Gudstenestereforma opnar opp for at ein i nokon grad kan auke bruken av temamesser. Kanskje er det særpreg ved lokalsamfunn eller ulike tider på året som kan finne uttrykk i gudstenestelivet, slik at eigarskap og oppslutning om gudstenestene i Nord-Etnedal kan auke.

Eg vil be Bruflat sokneråd om

*4) Å vurdere å etablere eit fjellalter på Lenningen*

Dette handlar om:

I Hamar bispedøme har eg hatt gleda av å vigsle utandørs alter fleire stader. Slike plassar for gudstenester, men også andre kyrkjelege handlingar som til dømes vigsel, gjev ofte ein styrka kontakt med alle som oppheld seg i fjellet gjennom ulike årstider. Det blir og synleg at gudstenestelivet ikkje berre går føre seg i den einskilde kyrkje, men at gudstenester kan feirast på ulike stader.

## **2. Omsorg og solidaritet**

Diakoni er kyrkja sitt namn på alt omsorgsarbeid. Planen for diakoni i Den norske kyrkja peiker på at det blir gjort mykje omsorgsarbeid av kyrkja sine tilsette på ulike måtar kvar dag.

Eg er imponert over alt det som blir gjort her i Etnedal av friviljug innsats og takkar for dette. Det er hevda at kristendom er lettare gjort enn sagt. Friviljuge viser stadig at det som synest umogleg, vart mogleg gjennom friviljug innsats!

Så vert vi og påminna om at det aldri er nokon som alltid berre er hjelparar, og andre som alltid berre er mottakarar av hjelp. Vi byter plass rett som det er.

Gjennom Den norske kyrkja si diakoniplan har omsorgstenesta vorte tydeleggjort til og å gjelde omsorg for alt det skapte, for naturen og alt levande. Kyrkja sitt viktigaste bidrag i miljøkampen er å halde fram det store og ukrenkelege ved skaparverket og mennesket. Her gjeld både å auke undringa og handlinga. Kyrkja er berar av budskapet om at Gud kan skape noko nytt, og formidle von og tru på at det nyttar.

Mi femte utfordring er ei utfordring til fellestrådet:

*5) Å arbeide vidare med universell utforming av begge kyrkjene.*

Det handlar om:

Hos dykk har de mellom anna lagt til rette med moderne og gode lydanlegg i kyrkjene. Men det står att eit arbeid med universell utforming knytta til inngangspartiet i begge kyrkjene.

### **3. Born og unge**

*6) Å gjennomgå samarbeidet skule-kyrkje og barnehage-kyrkje ut frå gjeldande lov- og planverk.*

Det handlar om:

Samarbeidet skule-kyrkje og barnehage-kyrkje er ikkje for kyrkja si skuld, men for å auke livskompetansen for born og unge. Kyrkja er ein viktig ressurs på det området.

### **4. Kyrkja i lokalsamfunnet**

No kjem tre utfordringar til fellestrådet:

*7) Å vurdere utbedring av trappa til tårnet i Nord Etnedal kyrkje og nedføring av tau til ringing*

Det handlar om:

Etnedal har, som mange andre stadar i Valdres, ein sterk manuell ringjetradisjon. Den tradisjonen vil vi gjerne ta vare på. Samstundes treng vi å leggje til rette for eit trygt og godt arbeidsmiljø for dei som skal ringje. Nedføring av tau, som gjer at ein slepp å stå oppe i tårnet for å ringje, er eit tiltak som gjer ringjearbeidet tryggare, ved at ein mellom anna vert mindre utsett for høyraskader.

Den neste er:

*8) Å utarbeide ein skriftleg vedlikehaldsplan i samarbeid med Etnedal kommune*

Det handlar om:

Vedlikehaldet av kyrkjegardar og kyrkjelege bygg er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid. Samstundes krev det økonomiske prioriteringar. Ei plan utarbeida i samarbeid mellom fellesråd og kommune gjer det mogleg med god felles forståing av kva vedlikehald som bør takast, og når det bør skje.

Neste utfordring er:

*9) Å få sett i stand eit eigna samtalerom på kyrkjekontoret*

Det handlar om:

Eit godt rom for samtale legg til rette for at folk kan bli tekne i mot på kyrkjekontoret for samtale knytta mellom anna til gravferd og andre kyrkjelege handlingar. God lydisolering ivaretek dei tilsette sitt arbeidsmiljø, og sikrar at teieplikta vert overheldt i dei ulike samtalanene.

Så er det tid for ei eiga utfordring til Bruflat sokneråd:

*10) Å arbeide vidare med å avklare og lage skriftlege retningsliner knytta til tilskot fra Bruflat sokn til fellesrådet*



Dette handlar om:

I Bruflat sokneråd er de opptekne av at forvaltninga av eigedomen på Lenningen skal kome fellesskapet til gode. Tilskot til fellesrådet har vore eit grep i dette. Men ein ser og at det er sårbart om fellesrådet i for stor grad blir avhengig av tilskotet. Gode skriftlege retningslinjer vil vere med på å skape ein forutsigbar og framtidsretta forvaltning.

## **5. Organisering og medarbeidarskap**

Det trengs gode rutiner for møtepunkta mellom stab og sokneråd. Dei siste to utfordringane er:

*11) Å leggje plan for stabsmøtedatoar kvart halvår, slik at alle kan delta på møtene*

*12) Å sørge for eit årleg møtepunkt mellom sokneråda og staben*

Det handlar om:

Tilsette og kyrkjelege råd står saman om prioriteringar og overordna val i det lokale arbeidet. Kyrkjelova sin niande paragraf femte ledd nemner difor at møte mellom sokneråd og tilsette skal skje minst ein gong i året. Der kan ein og setje fokus på den enkelte medarbeidar sitt fagfelt, og sokneråda sine planverk for arbeidet.

### **Avslutning**

Til slutt vil eg no få takke dykk for alt de har vist meg her i Etnedal. Takk for gode møte og gode måltid - takk til dykk som har opna heimen dykkar, takk for all gjestfridom og aller mest for det gode bankande hjartet som de har for kyrkja og for alle dei som bur her.

Gud signe Nord-Etnedal sokn og Bruflat sokn!

Gud signe dykk alle i Etnedal kommune!

Solveig Fiske  
Hamar biskop